

# Velkommen til Inspirasjonssamling!

Endeleg kan me arrangere inspirasjonssamling for deg som er vaksenleiar og / eller ressursperson i 4H. Denne samlinga skal gje dykk motivasjon, inspirasjon og meir energi til å halde fram med det gode arbeide som dykk allereie gjer for 4H-ungdommane. I tillegg håpar me at de får mange gode samtalar, tips og råd frå andre klubbrådgjevarar.

Stad: Hardangerfjord Hotel, Øystese  
Når: 9.-11. februar 2024  
Oppmøte: Før kl. 19.00  
Arrangør: Sofie Ljones (48 14 28 00) og Turid Sandstad Herland (99405269)

Ta med:

- \* Skrivesaker
- \* Strikketøy er alltid ein slager å ha med
- \* Alt nødvendig utstyr til hotellopphald
- \* Gode og varme utekle til ein liten tur ut i nærmiljøet
- \* Om du treng hjelp på «Min side», medlemsregisteret eller heimesida, ta med datamaskin, så kan vi hjelpe deg
- \* Har du lyst til å bade i Hardangerbadet? Ta med badekle
- \* Ta med litt fine kle til middagen laurdag kveld!



På denne samlinga får vi besøk av Jean Philip Svartdahl som sitter sentralt og er ansvarleg for nasjonale friluftslivsrelaterte arrangement, aktivitetar og kurs, samt opplæring av friluftsliv internt i 4H og strategisk vidareutvikling av fagfeltet. På laurdag skal han ta oss med ut i nærmiljøet, og fokusere på aktivitetar som kan gjerast i klubben, me utgangspunkt i Aktivitetsmappa. Han skal òg snakke litt om positiv psykologi. Blant anna skal vi snakke om kva som må til for at vi skal ha det fint i 4H?

6.- 13. juli arrangerer 4H Hordaland Landsleir på Voss. Leirsjef Lisa Jonetta Ølvestveit kjem og fortel om kva som skal skje før og under leiren.

I 2024 innfører 4H eit nytt, meir fleksibelt og poengbasert 4H-løp. Da samlar 4H-arar poeng ved å gjennomføre 4H-oppdrag, ta på seg verv eller delta på kurs og leirar! Turid på 4H-kontoret fortel litt om korleis dette vil fungere ute i klubbane.

Gleder oss til å sjå akkurat deg på inspirasjonssamling!

Sofie og Turid